



Rauland Historielag

RAULAND HISTORIELAG

Årsmelding for 2021.

Styret har hatt fylgjande samansetjing etter årsmøte 04.05.2021.

Leiar	Toril Nicolaisen
Skrivar	Jorunn Hestmann
Kasserar	Øyvind Solbakken
Styremedlem	Tore Tjønn
Styremedlem	Birger Kjellingtveit
Styremedlem	Bjartmar Nordjordet
Varamedlem	Solveig Loftsgarden
Varamedlem	Gunn Gardsjord

Arbeidet i laget.

Aktivitet i laget i år, har som som i fjor, vore begrensa på grunn av korona. Dette gjeld spesielt temakvelder og busstur. Laget har heller ikkje gjeve ut årsskrift i 2021, men det blir arbeid med to nye bøker.

Styret har hatt 6 styremøte i 2021. Det har vore mange namnesaker på Hardangervidda.

Medlemstalet i laget var 120 ved årsskiftet.

Temagrupper.

Temagrupper har hatt fem medlemmer: Asbjørn Gardsjord (leiar), Torunn Dagalid, Kari Halsten, Olav H. Nystog og Sindre Hestdalen.

Temakveldane blei arrangert i Vesaas-salen på Raulandsakademiet.

07.10.21 Skogrydding i Songa v/ Jostein Sandsmark.

16.11.21. Bitdal v / Johan Vaa og Ottar Romtveit.

Turar.

08.06.21. Tur til brynesteinsbrotet i Eidsborg. Svein Vinjerui var med som kjentmann.

19.06.21. Tur i til Ragnhildsekrefossen med Marit Vaagen Lilleland og Håvard Vaagen som kjentfolk.

Olsokvandring.

Som tidlegare er dette eit samarbeid med Rauland sokneråd. Om lag 50 personar deltok. Historielaget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknerådet syter for olsokgraut. Grauten blei servert etter messa.

Det var stopp ved desse gravene i år:

- Eivind Gardsteig v/ Signe Gardsteig
- Aslak Djuve v/ Astrid Lyselid
- Kitty Svalastoga v/ Anne Marie Romtveit
- Thora Vaa v/ Anne Joronn Sætre

Guðrun Gardsjord var også i år med å tok seg av lydanlegget under vandringa.

Boklansering på Krubba.

04.08.21 var det lansering av Åsta Ø. Kostveit si bok *Margit Egilsdotter – eit kvinneliv på 1800-talet*. Dette var eit samarbeid med Rauland Bygdekvinnelag. Guðrun Gardsjord var lydansvarleg.

Årsmøte i Telemark Historielag og seminar på Rjukan.

Telemark Historielag, Norsk Industrierbeidermuseum og Rjukan Historielag arrangert 22. og 23.10.21 seminar om *Da freden kom til Telemark* i samband med årsmøte i Telemark Historielag. Frå Rauland Historielag møtte Solveig Loftsgarden, Birger Kjellingtveit og Øyvind Solbakken.

Stadnamns prosjekt i Vinje kommune.

Vinje kommune og Norsk Språkråd løyvde midlar til digitalisering av stadnamn i Vinje kommune. Prosjektet starta opp i des. 2019 i regi av Vest-Telemark Museum saman med folk frå historielaga i kommunen og andre interesserte. Birger Kjellingtveit la i 2020 inn alle namna frå Rauland med kartfesting digitalt - til saman 3 3000 – med forklaringar og informantar. Prosjektet er sett litt på pause då prosjektleiar Per Ormestøyl arbeider ved Arkivverket.

Boksal 2021.

Salet av bøker har gått jamt og trutt. Sals stader er: Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso), Vinjebue, Haugsæl, Kviteseid Bok og papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika BØ, Rjukan Libris, Sparkjøp i Åmotsdal og Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til post@raulandhistorielag.no

Lagets heimeside – raulandhistorielag.no

Heimesida har opplysingar om aktiviteten i laget så som temakvelder, turar og andre arrangement. På heimesida er det også ei samling av gamle bilder. Der er elles informasjon om laget. Birger Kjellingtveit er ansvarleg for drift og oppdatering av heimesida.

Økonomien i laget.

Økonomien i laget er god. Rekneskapen syner eit overskot på kr 22 677,20 i 2021 og bankinnskott kr 426 157,14 pr.31.12.2021.

Laget fekk kr 8.000 i tilskott frå Tinn Sparebank. Grasrotandelen utgjorde i 2021 kr 2 529,71.

Støtte til:

1. Rauland sokneråd kr 10 000 til lydanlegg for bruk i kyrkjene på Rauland og Møsstrand.
2. Åsta Kostveit har fått kr. 6.000 i tilskott til boka om *Margit Egilsdotter – eit kvinneliv på 1800-talet* som ho gav ut i 2021.

Lokalhistorisk arkiv.

Rauland Historielag har ikkje hatt ansvar for drifta ved Lokalhistorisk arkiv.

Frøydis Fossli har vore på arkivet 1 dag i veka gjennom skuleåret.

Vinje kommune vedtok i samband med budsjett for 2022 ei 20% stilling ved Lokalhistorisk arkiv.

Takk til :

Mangeårig medlem og tidlegare styremedlem i laget Helga Landsverk som gjekk bort i 2021.

Mangeårig medlem og medlem i temagruppa i laget Torunn Dagalid som gjekk bort i 2021.

Takk for godt samarbeid.

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

Rauland mars 2022.

For styret i Rauland Historielag

Toril Nicolaisen